



## Kjære deg som har valt eit nytt og annleis skuleår hos oss på Voss folkehøgskule frå laurdag 19.august!

Her følgjer viktig informasjon om noko av kva du kan forvente deg, kva du må tenke over og kva du kan forberede deg til dette skuleåret. Vi har dei siste månadene fått mange spørsmål, så vi håper du vil finne svara her. Det ligg også med eit personleg brev frå linjelæraren din, med viktig informasjon om linja og gode råd om kva du eventuelt treng å ta med deg.

### Vi gleder oss til å treffe deg!

Vi er 22 tilsette som er spente på kven du er, kva du har med av gleder, interesser og historier. Vi vil skapa ein skule for livet – ein skule der du står i sentrum. Vi vil at du får oppleve glede og læring, respekt og toleranse mellom medelevar og tilsette på skulen, og at vi saman kan nå verdiane våre: **Glede, Openheit, Undring og Tryggleik.**

### Elevgruppa

Dette året får du ca 110 medelevar, og de vil bli kjende med kvarandre litt etter litt. Du kommer til å dele rom med ein/ ei frå ein annan linje, nokon bur på enkeltrom, men alle har tilknytning til ein internatgong med 14 – 22 medelevar. Dessutan får du fort fellestid med dei andre på linja di!

### Andreårselevar - stipendiatar

I år er vi så heldige å ha ni flotte andreårselevar! Dei er alle elevanes miljøarbeidarar, sjølv om dei også er knytt opp til kvar si linje. Dei KAN Voss Folkehøgskule, og dei har valt å vere her eit år til for å bidra til å skape eit best mogeleg fellesskap saman med tilsette og alle elevane. Stipendiatane vil få ekstra undervisning og rettleiing, og bur i kjellaren på Jomsborg.



## Linjer og valfag

Du har vald linje; vedlagt finn du eit eige brev frå linjelærar. Valfag vel du når du kjem.

## Fellesskap og aktivitet

Fellesskap, glede, kreativitet og aktiv livsstil kor vi sett minst moglege «fotavtrykk» er òg viktig kjerneverdier for oss på Voss. Vi har mange aktivitetar der vi er kreative og / eller fysisk aktive, i rørsle og leik. Du må ha utstyr for trening, for tur i sol og regn, og gode tursko/terrengsko. Har du eit instrument, eller anna utstyr for favorittaktiviteten din, så ta gjerne med. Sjå utstyrliste.

## Internata

Internata heiter Jomsborg, Midtgard og Nedigard. Vi har flest dobbeltrom, enkeltrom kostar ekstra. Fordeling av internatrom blir gjort i august. Fyll ut skjema og kryss av for ditt ønskje! Dei som av viktige grunnar ynskjer seg enkeltrom vil bli prioritert. Kryss også av for om du røykjer/røykjer ikkje; vi vil ikkje leggja røykjarar og ikkje-røykarar på same rom.

## Klesvask

Du ordnar med eigen klesvask. Du **må** merke kleda dine med namn. 110 ungdommar driv vaskeriet saman. Sjekk nettstadar der du kan kjøpe lappar/stempel. Vi anbefaler klistrelappar.

## Internett og eigen datamaskin

Vi har trådløst internett i alle undervisnings-, felles- og elevrom. Vi har eigne datarom, så vi ønskjer ikkje stasjonære datamaskiner på romma.

## Transport

Voss folkehøgskule ligg nær alle aktivitetsområde, og desse kan du gå eller sykle til! Smart å ta med eigen sykkel, og vi har nokon som vi kan leie ut. Anthony kjem til å ha opent verkstad i bland, kor du kan lære å mekke sykkelen din.

Det er berre ein kilometer til gondolen, som tek deg opp på fjellet og til dei flotte skiområda. Ved skulestart får du eit årskort til gondolen.

## Skulebevis og identitetskort

**Skulebevis:** Gjer moderasjon på reiser for studentar og vert ordna på skulen når du er komen hit. Vi tek bilde når du sjekkar inn og får romnøkkelen din!

**Identitetskort:** Du må i tillegg ha godkjend legitimasjon t.d. bankkort/pass/førarkort.

## Forsikringar og pass til studieturar og andre turar/ aktivitetar.

**Du må ha med gyldig pass og eigen reise- og helseforsikring.**

Vi må ha **opplysningar om minst ein pårørande**, som vi kan kontakte ved eventuell sjukdom/uhell/ulykke. Vi har kollektiv ulykkesforsikring for elevane. Du må ha **eigen innbuforsikring**



for dine ting, og husk å teikne ekstra forsikring for kostbare ting som t.d. bunad, instrument og dyrt fritidsutstyr.

## Mat – diett

### Våre måltid

Kvardagar:	frukost 0745/8.15	lunsj 1130	middag 1600	kveldsmat 2000
Laurdagar:	frukost 0900	lunsj 1400	middag 1800	
Sundagar:	frukost 0900		middag 1600	kveldsmat 2000

Har du **matintoleranse** eller treng **spesialdiett**, må du gje beskjed på førehand. Send ein epost til kjøkkenleiar Osmine seinast ei veke før du kjem: [osmine@voss.fhs.no](mailto:osmine@voss.fhs.no)

## Lege - fastlege

Alle elevar bør ha fastlege på Voss. Du går inn på [www.nav.no/minfastlege](http://www.nav.no/minfastlege) for å gjere bytte. Reglane er slik at du får den «gamle» fastlegen din når du flyttar heim igjen etter skuleslutt.

## Kva skal du ta med deg?

### Dette **MÅ** du ha med:

- Sengetøy: dyne, pute, laken, trekk
- Sengeteppe/pledd
- Handklede, store og små
- Toalettsaker, antibac og håndsåpe
- Treningsstøy, treningssko og badetøy
- Regntøy, støvlar, tursko for terreng
- Innesko
- Tursekk, sovepose og liggeunderlag
- Vaskemidlar til klede, helst flytande
- Klede og undertøy – for ute og inne
- Finklede

### Dette **BØR** du ha med:

- Sykkel med lås og hjelm!  
5 min m/ sykkel til sentrum;  
15 min. å gå
- Undertøy i ull/ullblanding evt.  
kunstfiber
- Ullsokkar
- Vindtett bukse
- Jakke for alle typar ver
- Termos/drikkeflaske, termokopp
- Lue og vottar
- Musikkinstrument (viss du har)
- Solbriller og solkrem
- Tykk genser

## Facebook

Meld deg inn i vår **Facebookgruppe**: Voss Folkehøgskule 2023-24. Her kan du stille spørsmål, finne informasjon og bli kjent.

## Svarskjema på nett

Vi treng litt informasjon frå deg for å gjere klart til du kjem. Vi vil derfor at du **svarer på skjemaet** i linken eller via qr-koden **innan 1.juli**.

<https://forms.office.com/e/cG6ziwv8QD>

Svarskjema skuleåret 2023-24



## 19.august, - første skuledag

Voss folkehøgskule er ein flott, gammal skule, og den ble bygd før bilens dagar! Vi har eit trøngt tun, så vi har erfart at linjevis frammøte er både enklast og hyggelegast!

Kjem du i bil, så parkerer du på Sylvsmidja nedanfor skulen. Der vil du bli møtt av ein tilsett, som viser deg kor du skal gå for å «sjekke inn», og bli vist til rommet du skal bo i dette skuleåret! Vi har ønske om at du skal komme innanfor desse tidspunkta, men ta kontakt om det blir vanskeleg, så finner vi ei god løysing tilpassa deg!

**11.00 – 13.00** Data & Friluftsliv  
Ekstremsport Elv  
Ekstremsport Luft

**13.00 – 14.00** Foreldremøte

**13.00 – 15.00** Film & Foto  
Idrett & Friluftsliv  
Data

**15.00 – 16.00** Foreldremøte

**15.00 – 16.00** Musikk og Friluftsliv  
Musikkproduksjon

**16.00 – 17.00** Foreldremøte

**Felles opning av skuleåret for alle elevane og tilsette er kl.18.00.**

På Voss folkehøgskule får du prøve nye ting. Kom med eit opent sinn! Du vil bli utfordra på kva du liker og ikkje liker. Kanskje oppdagar du ein ny lidenskap? Det er berre fantasien som set grensar for kva du kan fylla året ditt med, så vi håpar du er klar for eit aktivt skuleår 😊

På Voss kan du laga dine egne prosjekt, filmproduksjonar, konsertar, elevkveldar, bingo, volleyball, bada i Vangsvatnet eller Vossabadet, trene i treningsstudio, dans, LAN, rollespel, pysjamasparty, karaokekveldar... Fellesskapet er viktig; at alle deltek! Vær aktiv, – så får du energi! Vær ein ven. – så får du vener!

**Beste helsing frå alle oss på Voss Folkehøgskule!  
Ønsker deg mange gode sommardagar til vi sjåast 😊**



## Kortfatta skulerute skuleåret 2023 - 2024

### **Skulestart laurdag 19. august, sjå linjevis innflytting.**

Felles opning av skuleåret for elevar kl 18.00.

### **Heimreisehelg 8. – 11.september.**

Fredag 8.sept frå 14.30 til tysdag 12.september kl. 08.30.

Skulen vil vere open denne helga for dei som ikkje vil reise heim/ andre stader.

### **Haustferie 6. - 16. oktober.**

Haustferien startar kl. 14.00 og skulen stengjer kl. 15.00.

Skulen opnar etter ferie måndag 16.oktober kl. 17.00.

### **Haustfest laurdag 4.november**

Vi ynskjer familie velkommen til ein hyggjeleg dag/ helg med oss her på Voss.

Eigen invitasjon med påmelding følgjer.

### **Joleferie 19. desember – 2. januar.**

Joleferien startar kl. 12.00, og skulen stengjer kl. 15.00.

Skulen opnar tysdag 2.januar kl. 17.00.

### **Heimreisehelg 26. – 29.januar.**

Fredag 26.januar frå 14.30 til tysdag 30.januar kl. 08.30.

Skulen vil vere open denne helga for dei som ikkje vil reise heim/ andre stader.

### **Vinterferie 16. februar – 26. februar.**

Vinterferien startar fredag 16.februar kl. 14.30.

Skulen opnar måndag 26.februar kl. 17.00.

### **Påskeferie 22. mars – 2. april.**

Skulen stenger fredag 22.mars kl. 15.00.

Skulen opnar tysdag 2.april kl.17.00.

### **Avslutningsfest med gjester torsdag 9.mai, ferdig ca. kl. 21.00.**

**Avreise fredag 10. mai, skulen stenger kl. 12.00.**

### **NB! Atterhald om endringar. Skulen er stengt i jul-, vinter- og påskeferie.**

**Det er lurt å tinga billetter til tog, buss og fly så tidleg som mogeleg, då vert det billigare!**

Alle folkehøgskular har like mange skuledagar som grunn- og vidaregåande skule. Men sidan vi har skule også på ein del laurdagar, sluttar vi i mai og ikkje i juni.



## Ordensreglement

---

### Reglement for trivsel, tryggleik og orden for deg som elev ved Voss Folkehøgskule

#### Grunnverdiane våre er glede - openheit - undring - tryggleik

**Føremål:** Voss Folkehøgskule vil skape eit trygt og inkluderande miljø der danning, utvikling av individet og det deltakande menneske står i fokus. Det er eit mål at vi viser respekt for den enkelte, og tek ansvar for fellesskapet gjennom medverknad og medansvar.

**Deltaking:** Som elev ved Voss FHS må du møte presis, delta aktivt og bidra på morgonsamlingar, i undervisning og på felles arrangement. Eventuelt fråvær må du melde til faglærer eller tilsyn.

**Åtferd:** Vold, mobbing, krenkande språkbruk og åtferd aksepterast ikkje i noko form – \_verken fysisk, verbalt eller digitalt.

**Orden og reinhald:** Du skal hjelpe til med å halde det ryddig og reint, både inne og ute.

**Nattero:** Det skal være nattero mellom klokka 23.00 og 07.00.

**Alkohol:** All bruk og oppbevaring av alkohol er forbode på skulen sitt område. Dette gjeld også for alle arrangement og reiser i skulen sin regi.

Nokre gonger er det unntak frå alkoholreglementet. Det gjeld på kveldar utan obligatoriske arrangement, der det ikkje er undervisning dagen etter. Då kan du nyte alkohol utanfor skuleområdet for så å koma tilbake til skulen, og gå direkte til rommet ditt. Utan å bryta natteroa.

**Illegale rusmidlar:** All bruk og oppbevaring av illegale narkotiske stoff er forbode.

**Brot på reglementet:** Du kan bli bortvist eller miste skuleplassen om du bryt reglementet.

*Lat oss saman skape eit best mogleg fellesskap!*

Du må skriva under på at du kjenner desse reglane, og vil samarbeida på desse premissane når du kjem til skulen, og du må krysse av for at du har forstått dette i svarskjemaet på nett.